

# Regionreform - prosess

- Forhandlingsmøte Solstrand 18-19/8
- Forhandlingsmøte Sola 1-2/9
- Forhandling SogF 14-15/9
- Sak i fylkestinget oktober – intensjonsplan
- Vedtak i FT i desember (frist 1. des)
- Samtaler med Vest-Agder



**REGIONREFORMA: REFERAT ETTER FORHANDLINGSRUNDE NR. 1 MELLOM  
ROGALAND, HORDALAND OG SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNAR (UTKAST)**

**Møte  
Hordaland  
18-19/9**

---

Dato: 18.-19. august 2016  
Møtestad: Solstrand hotell og bad, Os kommune  
Forhandlingsutvala: Anne Gine Hestetun, Pål Kårbø, Tore Andersen, Terje Søviknes, Rune Haugsdal, Jenny Følling, Åshild Kjelsnes, Alf Reidar Myrstad, Noralv Distad, Tore Eriksen, Solveig Ege Tengesdal (dag 2), Arne Bergsvåg (dag 1), Marianne Chesak, Ingeborg L. Tyse, Janne Johnsen, Trond Nerdal.  
Andre til stades: Rasmus Laupsa Rasmussen (politisk rådgjevar), Atle Sandal (Karabin AS, føredrag), Terese Haaland (informasjon), Kari Jøsendal (sekretær/referent), Thorbjørn Aarethun (sekretær/referent), Ole I. Gjerald (sekretær/referent).

---

**1. Opning av møtet og godkjenning av møtereferat frå samlinga 27.05.2016**

- a) Fylkesordførar Anne-Gine Hestetun opna møtet.
- b) Møteleiar for dag 1, fylkesrådmann Trond Nerdal, gjekk kort i gjennom møtereferatet frå samlinga på Garder kurs- og konferansesenter. Referatet vart godkjent utan merknader.
- c) Fylkesordførarane innleidde kort om fylkestinga sine vedtak knytt til regionreforma i juni 2016. Alle fylkestinga godkjende dei førebelse innhaldspunkta i intensjonsplanen som det no vert forhandla om.

**2. Mål for etablering av Vestlandsregionen**

Det var i drøftingane omkring [kap. 2](#) i intensjonsplanen semje om følgjande hovudelement:

- a) Overordna mål: Etablere ein ny sterk, kompetent og attraktiv Vestlandsregion under folkevald styring. Vestlandsregionen skal vere ei tydeleg motvekt til (auka) statleg styring.
- b) Hovudmål 1: Vestlandsregionen skal, innanfor dei strukturane som vert valde, sikre ei mest muleg effektiv forvaltning av dei samla ressursane på Vestlandet, der kompetansen og ressursane i heile regionen vert nytta. Vi stryk formuleringa «...og lettadministrert forvaltning.»
- c) Hovudmål 2: Vestlandsregionen skal vidareutvikle og sikre kvalitet i dei regionale tenestene til innbyggjarane, organisasjonane og næringslivet på heile Vestlandet.

# Regionreform - prosess

## Intensjonsavtale utkast



Sogn og Fjordane  
fylkeskommune



Hordaland  
fylkeskommune



Rogaland  
fylkeskommune

### INTENSJONSPLAN FOR SAMANSLÅING AV SOGN OG FJORDANE, HORDALAND OG ROGALAND

#### FORHANDLINGSTEMA OG FRAMDRIFTSPLAN

Tema	Forhandling
1. Innleiing	
2. Mål for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane	Veke 33 og 37
3. Eit nytt regionalt folkevalt nivå på Vestlandet	Veke 35
3.1 Regionen sitt namn og merke	Veke 35
3.2 Representantar i regiontinget	Veke 35
3.3 Regionen sitt valsystem (valkrinsar m.m.)	Veke 35
3.4 Politisk styreform	Veke 35
3.5 Regiontinget sine samlingar og regionutvalet sine møte	Veke 35
3.6 Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leiing	Veke 35 og 37
4. Regionen sine oppgåver og ansvarsområde: Prinsipp for leiing og arbeidsdeling	Veke 35 og 37
4.1 Organisering og leiing av eksisterande regionale oppgåver	Veke 37
4.2 Organisering og leiing av nye regionale oppgåver	Veke 37
5. Framtidig tenesteyting i Vestlandsregionen	Veke 33
6. Tilsette og regionreforma	Veke 33
7. Nøkkeltal og samla økonomioversyn – bruk av disponibel formue m.m.	Veke 33
8. Samansetjing av fellesnemnd for overgangsperioden fram mot 2020	Veke 33
9. Val av nytt regionting	Veke 33
10. Andre forhold	Veke 37